

Statens Husindustriskule

i Haus

25 år







Statens Husindustriskule i Haus.

Statens Husindustriskule i Haus

gjennom 25 år

Ved
formannen i styret



1921–1946

Sigurd Melvær - Prenteverk
Bergen

Det var Carl Borgen som i 1917 i pressa vende seg til Stortinget med oppmøding om at det burde gjerast noko for å reisa husindustrien her i landet.

Og han tala ikkje for døve øyro. Det vart sett ned ei departemental nemnd med avdøde husflidsinspektør M. F. Nilsen som formann, som skulde greida ut dette spørsmålet. Og i 1918 kom denne nemnda med framlegg om „Foranstaltninger til fremme av husindustrien på landsbygden“.

Nemnda konkluderar med at det bør:

1. Skipast ein husindustriskule.
2. Skipast eit rettledings- og omsetnadskontor for husindustrivaror.
3. Skipast eit lånefond for dei som vil setja igang produksjon — etter at dei har fått ei turvande opplæring.



Carl Borgen.



M. F. Nilsen.

Då saka kom til stortinget, gjorde Universitet- og fagskulenemnda framlegg om at det vart gjeve ei løyving på kr. 200 000.oo til dette føremålet.

Og det fanst alt eit grunnlag å byggja på. I Haus hadde det då alt i 10 år vore i gang eit arbeid med omsetjing av husindustrivarer — leida av Haus sjølvhjelpskomite. Gjennom dette

arbeidet hadde nemnda fenge den røynsla, at skulle ein kunna bringa tevleføre varer på marknaden, laut det opplæring til, og det vart difor sett i gang *kurs* med dette føremålet — og desse kursa utvikla seg til ein *skule*, *Haus arbeidsskule*, som på denne tid hadde 4 lærarar.

Det var difor naturleg at den tanken kom opp, at den påtenkte husindustriskulen burde leggjast til Haus. Stortings-nemnda segjer i si tilråding (i 1920) at: „— Nemnda som i dette høvet tok ein tur til Ytre-Arna for å sjå på den eigedomen som det her spørst om, er heilt samd i at det verdfulle arbeid som er nedlagt for husindustrien gjennom mange år, er fullt verd offentleg studnad, og gjev det beste grunnlag for den påtenkte husindustriskulen — —“. Og nå var det så heppe at det fanst ei fallera verksemnd der, „Vestlandske betonbåtbyggjer“ — og eigedommen denne hadde nytta fekk ein på hand for kr. 125 000.oo. Stortingsnemnda rådde til at denne summen vart ytt som lån frå staten til innkjøp av eigdomen. Det var såleis meiningsa at skulen skulle skipast som *privat* skule, men med studnad frå staten.



Karl Jebsen.

Det vart nå sett ned ei departemental 3-mannsnemnd med skulestyrar M. F. Nilsen som formann, Carl Borgen og Ivar Åsgård som andre medlemmer.

Denne nemnda arbeidde så ut plan for skulen, og plan for ominnreidnad av den innkjøpte eigdomen til bruk for ein skule med to deilder — tre og metall — med teiknesal, internat o. s. b. Nemnda rådde til at staten heilt overtok skulen som burde heita „Statens Husindustri-skule i Haus“.

På grunnlag av dette gjekk ein så i gang med ominnreidnad av bygnaden og innkjøp av turvande maskiner — for dei til dette bruk løyvde pengemidlar.

Skulen skulle etter planen ha eit styre på 3 mann. Av desse skulle kyrkjedepartementet nemna opp 1, landbruksdepartementet 1 og Haus sjølvhjelpskomite 1. Dette vart gjort, og fyrste styret

vart: Fabrikkeigar Karl Jebsen, oppnemnd av kyrkjedepartementet, Carl Borgen, oppnemnd av landbruksdepartementet og Ivar Åsgård oppnemnd av Haus sjølvhjelpskomite.

Kyrkjedepartementet sette Ivar Åsgård til formann. Dette styret heldt fyrste møtet sitt 14. april 1921 — der det vidare arbeid for skulen vart planlagt.

Styret talde til at staten heilt overtok skulen. Vidare vedtok styret at skulen skulle setjast i gang frå 22. juli, og at styrar- og lærarpostar skulle lysast ut.

Det synte seg at ein ikkje kunne rekka å få skulen i gang til fastsett tid, men den 22. august 1921 vart han opna med 18 elevar, 11 på tredeilda og 7 på metalldeilda.

Departementet hadde då tilsett: 1. Som styrar: *Ivar Åsgård*. 2. Lærar i teoretiske fag: *Ing. Eyvind Solberg*. 3. Lærar i trearbeid: *Olai Vatle*. 4. Lærar i metallarbeid: *Johan Fenne*. 5. Internatstyrar: *Severin Leknessund*. 6. Vaktmeistar: *Hans Rosberg*. Timelærar i måling: *Målar Andersen*.



Olav Vevle.

hadde i alt 336 elevar søkt han, 177 på tredeilda og 159 på metalldeilda.

Skulen etter 1931.

Sidan 1931 har skulen hatt ein rik vokster.

Frå 1. januar 1933 vart han lagt inn under landbruksdepartementet — og ein kann vel seia at det då vart noko romlegare med økonomien for skulen.

Den fyrste styraren av skulen, Ivar Åsgård, døydde i april 1933, og den noverande styraren av Haus Sjølvhjelskontor, Ludv. Brudvik, var konstituert som styrar til 1. semtember s. å. Frå den tid vart lærar ved skulen, ingeniør A. Torp, tilsett i denne stillinga, og han har seinare vore styrar.

Ivar Åsgård, som hadde vore med å grunnleggja skulen i 1921, var varmt interessera for å få reist alt heimeyrke i bygdene — og han har sett seg eit vakkert minnesmerke i den skulen han kanskje meir enn nokon annan har æra for vart reist, og som har vore og er til så stor hjelp for dette føremålet.

Kritisk tidspunkt for skulen.

Hausten 1933 inspiserte folk frå Landbruksdepartementet skulen, og alt i februar 1934 gjekk det ord om at dei hadde funne at bygningar og utstyr ved skulen var så forfalle at det kunne



Ingebrigt Five.

vera tale om å leggja han ned. Bygningane stod på leigd grunn og grunneiga var stor. Styraren fann då at han måtte venda seg til den stortingsnemnda som hadde med skulen å gjera, Universitets- og fagskulenemnda, og beda om at nemnda ville koma og sjå på tilhøva ved skulen — og det lukkast. 3. juni kom nemnda, og det vart ein lukkedag for skulen. Det var den dagen avslutting på skuleåret 1933—34.



Frå openingsfeste 1921.


Nemnda, med Magnus Nilsen som formann — fann at programmet for skulen og opplæringa var så verdfull at ein hadde ikkje råd til å missa det, og nemnda lova at skulen skulle få rikelegare løyvingar til arbeidet sitt heretter. Nemnda fann heller ikkje at det stod så ringt til med husrom og utstyr som det hadde vore sagt. Det var m. a. ved hjelp av løyvingar på budsjettet for 1931—32 og 1932—33 innreidt internat for 38 elevar — og det var høve til utviding og innreiding av betre verkstadplass.

Denne vitjinga av stortingsnemnda vart såleis eit vendepunkt i skulen si soga. Etter den tid har utviklinga gått stødt og sikkert framover.

I juni 1934 fekk ein kjøpa dei grunnareal som skulen nå eig — ikring 7 dekar. Av det er ikring 1,6 dekar nytta til byggjegrunn, 4 dekar er hage, vegar o. s. b. og sportsplassen er 1,4 dekar.

Søknaden aukar.

Fra 1933 tok søknaden til skulen til å auka jamt og sikkert — og det vart klårt at det måtte ei utviding til. Det var størst søknad til tredeilda, og alt fra hausten 1934 vart det skipa ei parallelklasse ved denne deilda, og skulen sin vaktmeistar vart tilsett som lærar ved denne nye klassa, og som vaktmeistar vart tilsett Severin Leknessand. Kona hans var husmor ved internatet, som han også hadde vore knytt til.



Elevar og lærarar 1921, fyrste elevkuld.

På tredeilda: Nils Blindheim, Markus Karlsen, Leo Abrahamsen, Torbjørn Tombre, Sigvard Fauske, Einar K. Sørevik, Martin Berg, Hans Haugland, Johs. J. Ytrearne, Sigurd Torsnes, Olav Jarnes. **På metalldeilda:** Otto Gjerstad, Eyvind Vaksdal, Oskar Røn-hovde, Peder M. Haugland, Arne Knoph, Olav K. Lone, Henrik Roiland.

Også ved metalldeilda vart det året etter naudsynt å skipa parallelklasse, og ved denne vart Torgils Lægreid frå Eidfjord tilsett som lærar. Han vart i denne stillinga berre i 3 år og slutta i 1938.

Læraren på metalldeilda, Johan Fenne, døydde i 1935, og Ole J. Olsen vart tilsett i stillinga etter han, og har denne plassen ennå.

Fra hausten 1938 fekk ein vidaregåande klassar både på tredeilda og metalldeilda, og som lærarar etter Lægreid og Hans Rosberg, som nå tok avskil etter mange års arbeid ved skulen, vart Osvald Sverresvold tilsett på tredeilda og Fredr. Trøan på smeddeilda.

Føresetnaden for dei vidaregåande deildene er at ein på desse ikkje berre skal taka opp elevar som har gått fyrste skuleåret ved denne skulen, men også slike som har fått nokolunde liknande opplæring ved andre skular.

Målarlærar Johan Austefjord døydde alt i april 1934, og som hans ettermann vart tilsett Hans H. Vindenes, som ei tid hadde vore timelærar. Skulen hadde ikkje då serskilt målardeild — berre ei stutt tid på slutten av kvart skuleår fekk elevane på tredeilda noko opplæring i måling.

Men frå hausten 1936 kom det i gang *eiga målarlina* og søknaden til denne vart alt frå fyrste stund større enn det ein kunne taka imot.

Omlegging og utviding — meire internatrom m. v.

Då parallelklassane vart sett i gong i 1934, fekk ein ikkje plass til elevane i internatet og måtte leiga rom til 10–11 hjagardbrukarane i Ytre-Arna. Det var difor turvande å få ei ombyggjing og utviding av internatet, og det vart gjeve løyving til dette på budsjettet for 1935–36 og 1936–37. Taket på bygnaden vart då lyfta opp og trekonstruksjonen forsterka på alle tenkjelege måtar, og huset fekk det utsjåande som det har i dag. Bygnaden fekk nå skifertak og fekk i alle måtar eit betre utsjåande enn før, samstundes som ein fekk mykje betre plass — så der nå er ein golvflate på til saman 720 kvm.

I andre høgda vart innreidt teiknesalar, elevrom og bibliotek. Dei to teiknesalane er på $17,5 \times 9$ meter og kann slåast saman til ein ved hjelp av skyvedører. Dei nye internatrom gav plass til 35 elevar. I 3. høgda fekk ein nå plass til skulen sine kontor, og dessutan er det ein stor sal der som har vore nytta til utstillingssal så lenge, til verstadbygnadene vert ombygde. Det er meiningsa her å få samlingssal for elevane, og biblioteket skal då flyttast opp i eit rom ved sida av forsamlingsalen.

Utførande arkitekt for ombyggjinga var arkitekt Lindstrøm, og byggmeistar Koppen, Ytre-Arna, utførte arbeidet.



*Kjøpmann Ivar Åsgård
styrar av skulen frå 1922 til 1933.*

Endå meir utbyggjing.

Det var nok ikkje berre internatbygnaden som trong ombyggjing og utviding — men også verkstadbygnadene — etter at ein nå hadde fått nye linor og klassar. Dessutan var verkstadbygnaden for skuld därlegt vedlikehald heller skral på mange punkt, og i verkstadromma var det fullt opp av skråband m. v. som var mykje i vegen.

For denne ombyggjingga vart styraren pålagd å koma med framlegg til planar sjølv, og desse vart så godkjende av riksarkitekten, og våren 1939 kunne ein ta til med byggjing av grunnmur under bygnaden, som før hadde stade på pillarar. Veggene på 3 sidor av huset vart skifta ut i både høgder og kraftige jarnbjelkar til å bera maskingolva i 2. høgda vart innlagde.


Verkstsromma både i fyrste og andre høgda vart nå heilt onnorleis enn før, ljose og venlege, og framfor alt solide. Smieverkstaden, som før hadde vore i ein eigen bygnad, noko høgre, vart nå flutt til fyrste høgd på same golv som metallverkstadene. Plass til

Målárverkstadene

var året før innreidt i huset på kaien, og ein hadde her fått rett trivelege og høvelege lokaler.

Det vart diverse berre halve løyvinga til ominnreidnaden av verkstadbygnaden som var gjeve i 1939, slik at det resterande arbeid laut stå ut til i 1942, då restløyvinga vart gjeven.

Nå var det loftshøgda og taket som stod for tur. Bygnaden vart gjort høgre, og på taket kom det skifer i staden for papp. Den gamle smiebygnaden, som låg noko høgre i terrenget, vart følt frå grunnen av, og det vart ordna slik at golva der kom i plan med resten av verkstadbygnadens golv i same høga. Mykje rom vart innvunne ved omskiping av dette. I loftshøgda fekk ein nå den store utstillingssalen, som tener som samlerom for ferdige arbeid, og har ei golvvidd på $25 \times 12,5$ m. Ved sida av denne er det ein mindre sal med 100 kvm. golvflate, som læreverkstad for møbelstopping. I den ombygde smiebygnaden fekk ein i 1. høgd eit rom



Ingeniør A. Torp,
tilsett som lærar i teoretiske fag frå oktober 1924,
som styrar frå september 1933.

til lager for jarnvarer på omlag 140 kvm. og i 2. høgda, som ligg i samband med verkstadene for tredeildene, fekk ein eit lagerrom på same flatemål for trematerialar. I 3. høgda er det eit verkstadrom som også har same golvflatevidd. Her vil det vera plass for ei ny klasse som det er tanken å få — ei forklasse.



Hans Rosberg
vaktmestiar til 1934. Lærar på
tredeilda frå 1934 til 1938, då
han slutta etter oppnådd alder.



Ingeniør Solberg.

Når desse store ombyggjingane av verkstadene lukkast så godt og vart så rimelege i kostnad, har byggmeistrane Ola Dale og Ådland ein stor part av æra for det. Dei har både stor røynsle frå store bygg. Til arbeidarar vart mykje nytta elevar som hadde gått skulen i 2 år. Dette ombyggjingsarbeidet var sers yanskeleg, sidan det måtte gjerast medan alt maskineri var på plass, så verkstadene var intakte, og ein berre hadde 3 månader å gjera på. Utanom ferien var også alle lærarane med i arbeidet, kvar på sitt område.

Utstyr og tekniske hjelpe midlar gjennom åra.

Skal undervisninga ved ein yrkesskule lukkast, må ein hava turvande hjelpe midlar — undervisningsmateriell. Alt i 1933 og 1934 syntet det seg at det tekniske utstyret skulen hadde ikkje var på høgd med det ein burde krevja på ein slik skule. Skuleroma for den praktiske undervisninga var utskjemde med lange transmisjonsakslingar, som surra og gjekk frå morgen til kveld. Dei mange reimskiver med tilhøyrande lange reimar skapte unødig trekk og støvdrag i romma — og faren for ulukker var ikkje liten. Sjølve maskinene var heller ikkje bra, dei fleste av dei. Men løvingane til skulen var ikkje så romslege — endå dei hadde kome seg etter kvart — at ein kunne få retta på dette med ein gong. Likevel gjekk det så bra at ein i femåret 1934—1939 fekk skifta ut ikring 90 % av maskinene med andre av betre konstruksjon, og alt utstyr elles vart også mest mogeleg skifta ut. Av dei 55 maskiner skulen har på alle deilder er no att berre 5 av dei som var der i 1921. Samstundes med utskiftinga gjekk ein over til einskild drift for alle maskiner, såleis at kvar maskin fekk eigen motor. Dermed slapp ein transmisjonsakslingane.



Johan Austefjord.



Olai Vatle.

Johan Fenne.

Hjelpe maskinene er for ein stor del laga på skuleverkstadene, såleis alle dreiebenker for tre, sirkelsagspindlar og fleire boremaskiner for metalldeildene, slipeapparatene o. s. b. Det har vore



Elevar og lærarar våren 1922.

lagt vekt på at ein skulle laga så mykje av det ein kunne laga sjølv som råd var. Utstyret er i det heile vorte munaleg betre enn for 15 år sidan. Utanom handverkty, målarverkty m. v. av alle slag,råder deildene nå m. a. over:

Metalldiildene :

- 9 dreiebenker for jarn.
- 7 boremaskiner.
- 1 shaping.
- 1 universal fresemaskin.
- 1 planfresemaskin.
- 1 koldsgag.
- 1 elektrisk herdeovn.
- 3 slipeapparater.
- 2 stkr. sveiseapparater for elektrisk sveising.
- 1 sveise- og skjereapparat for gass.
- 6 esser m/tilh. ambolt og utstyr.
- 1 gjengemaskin.
- 1 maskinhammar.

2 platesaksar for opp til 8 mm tykkplater.

1 eksenterpresse for maks. 22 tonn.


Tredeildene :

- 2 avrettarhøvlar.
- 1 tykkelseshøvel.
- 5 dreiebenker.
- 2 fresemaskiner.
- 3 båndsager.
- 2 cirkelsager.
- 1 firk. stemmemaskin.
- 1 langhullsborermaskin.
- 1 oscillatorande slipemaskin.
- 1 halvautomatisk dreiebenk.
- 3 slipeapparatar.


Målardeilda har mest handarbeid, men der er også 1 maskinanlegg for sprøytelakkering. Det er gjennom åra lagt serleg vekt på at det skulle vera rikeleg og godt handverktøy tilstades for kvar elev, slik at det ikkje skulle seinka undervisinga og arbeidet elles.

Undervisninga på verkstadene

er vorten munarleg utvida etter kvåt som skuletida vart lenger og ein fekk nyare og betre utstyr.



Skulen som han såg ut etter ombyggjinga av internatet i 1936.



Eksteriør av skulen etter ombyggjinga i 1942.

Frå 1934 vart skuleåret sett til 9 månader i staden for 8 som ein hadde hatt sidan 1923. Før den tida var skuleåret 5 månader.

Frå 1938 gjekk ein, som alt nemnd, over til å ha ei vidaregåande lina på tre og metall, og på målardeilda tok ein inn nokre hospitantar som ville gå vidare i målarfaget.

Undervisnings-tida er såleis auka til det duble av det ho var då skulen tok til i 1921. Det var naud-synt dersom elevane skulle få så god og allsidug opplærlæring som dei

burde. Landbruksdirektøren peika, under sin inspeksjon av skulen (i 1933), på at opplæringa hadde for mykje preg av *masseproduksjon*, og at ei meire allsidig opplæring måtte til. Elevane var komne til skulen ior å læra flest mogelege sider av arbeidet og ikkje å masseprodusera eit par eller fleire einskilde ting.

Ved hjelp av dugande lærarar og betre og betre utstyr har skulen prøvt å gjennomföra ei meir allsidug og tilhøveleg opplæring etter kvart. Det er likevel helst truleg at opplæringa burde vera endå meir allsidug, og det er å vona at det vil lukkast i åra framover, så det vert utvikling og vokster og ikkje stillstand. Berre på den måten kann skulen fylla si oppgåve.

På alle deil-der, sjølv dei vidaregåande, lyt elevane fyrist arbeida opp ei sers utarbeid modellrekke, tilpassa det trin klassa tek til på. Såvidt råd er har ein teke sikte på å tilpassa dette modellarbeidet til bruksting, som t.d. verkty som seinare

Det nåverande styre for skulen.



Skuleinspektør Jakob Kolrud. Skuledirektør Markhus.

Arkitekt Lindstrøm.



Eksteriør frå skulen etter ombyggjinga i 1942.



Severin Leknesund.



Hans H. Vindenes
lærar på målardeilda,
tilsett juli 1936.



Frk. Åsta Berge
husmor ved internatet
tilsett januar 1939



Jon O. Dale
assistentlærar og kontor-
hjelp, tilsett i 1937.



Ivar Lund
konstituert lærar på tre-
deilda frå 1943

kann koma elevane til nytte. Under dette høyrer spesielt formarbeidet med. Seinare vert meir krevjande arbeid gjort, som t. d. på smeddeilda ymse beslagarbeid som skoning av hjul, beslag til alle slags køyrereidskap, opparbeiding av ymse jordbruksreidskapar, øksar, grep o. s. b.

På tredeilda vert modellrekka til denne deilda laga opp, og også den inneholder mykje handverkty som ein snikkar har bruk for, og formarbeid vert teke med. Seinare vert laga hjul, stampar og enklare bruksting av tre. Bruk av dreiebenk og andre maskiner vert under dette innøvd og eleven lærer å stella slike maskiner.

På målardeilda går ein fram på same måten. Her lyt elevane først teikna bokstavar og enklare ornament til bruk for seinare dekorasjonsmåling og rose måling. Dei lyt øvast opp i bruken av pensel og fargar, og til å øva seg på får dei til å byrja med bruken av papir. Seinare, etter kvart som eleven

får meir tame, vert han sett til meir krevjande arbeidsoppgåver, og lærer såleis alt frå grunnen av. Dei får og øving i å bruken av sviapparat og å nytta maskinsprøyta til måling, men det er likevel handarbeidet det her vert lagt mest vekt på, då det er grunnlaget for alt arbeid seinare. Såleis vert det seinare i kurset måla mykje bruksting som møblar o. l. Også utvendig arbeid vert dei sett til, når tilhøva er slik at det er materialar til det.



Ole J. Olsen
lærar på metalldeilda
tilsett frå nov. 1935.




Osv. Sverresvold
lærar på tredeilda
vidaregåande deild.




Fred. J. Trøan
lærar på smeddeilda
tilsett august 1938.

Dei vidaregåande deildene arbeider med vanskelegare ting. Etter nokre øvingar på ei modellrekke t. d. på tredeilda, vert det under full bruk av maskinene laga ymse bruksting og prydting: Småmøblar og større møblar, skatoll, høvelbenker, vanskelegare dreieøvingar, overflatehandsaming o. s. b. Elevane på denne deilda får gå gjennom eit stuttare kurs i møbelstop-pingsarbeid. Sers vekt vert det på denne deilda lagt på stell av maskiner og verktøy, og dei lyt etter kvart vera mest mogleg sjølvhjelpe i så måte.

På vidaregåande metalldeild vert dei serleg oppøvde i presisjonsarbeid, til å byrja med på ei serleg modellrekka som innehold ein del verkty. Seinare vert det større arbeid, slik som cirkelsagspindlar, dreiebenker for tre, skruestikker av ymse slag, jarnhøvlar for trearbeid, slipemaskiner o. s. b. Ymse slag verkty til dei andre deildene vert og laga her, men mykje også på smiedeilda, alt etter den art som verktyet har.



Festtangen 1932.



Skuleheimen 1932.

Det er innført timekontroll med kvart einskilt arbeid, såleis at læraren har lettare for å få oversyn over elevane sin prestasjonsdugleik. Men elles gjeld det i fyrste rekka at eleven vert oppøvd til eit noggrant og pent arbeid, som alltid gjev kvalitetsvare. Snoggleiken får koma seinare, når eleven får meir øving.

Det vert ikkje halde eksamen i dei praktiske faga. Ikkje alle elevar kjem alltid like langt på verkstaden. Den eine eleven tek det kanskje lettare enn den andre. Nokon av elevane har betre handelag, slik at undervisninga vert individuell. Under opptaking av elevar set ein difor

pris på at
søkjaren har
prøva seg noko
i det praktiske
yrket før, an-
ten ved at han
har gått gjen-
nom ein ar-
beidsskule, el-
ler på annan
måte har fått
prøva seg. Men
det søkjerkvart
år mange som
ikkje har hatt
høve til korkje
å gå ein ar-
beidsskule el-
ler vore i noko



Snikkarverkstadene før ominnreininga i 1939.

slags slik verksemد. For å gjera det mogeleg for slike å kunna gå gjennom skulen her, er det vedteke å setja i gong ei lågare klasse, forskuleklasse, og frå denne kjem dei då på like fot med andre søkerar til dei andre deildene her, antan tre-, metall- eller målardeilda. Diverre kunne ikkje denne klassa setjast i gang i år, då ein vantar husrom og byggjestad for hus til læraren som skulle tilsetjast, og det dessutan var vanskeleg om utstyr til ei slik deild nett nå. Men neste år vil ho truleg verta sett i gong.

Undervisninga på teikne- og teorisalane.


Fyrsteklasse for tredeilda, metalldeilda og målardeilda har til å byrja med same faga her. Det er teikning det vert lagt mest arbeid på. Hør lyt ein gå igjennom konstruksjonsteikning, frihandsteikning og projeksjonsteikning til eit visst pensum er nådd. Målarane heldt så fram med frihands- og ornamentsteikning som eigen klasse, medan tre- og metalldeilda seinare i skuleåret går over til fagteikning som dei har mykje av.

Alle fyrsteklassar gjennomgår eit repetisjonskuis i praktisk rekning som sluttar med prøve.

Elles er faga for klassane: Maskinlære, materiallære, med yrkeslære, bokføring og kalkulasjon (kalkulasjon er likevel ikkje eksamensfag). Ved slutten av året vert det halde eksamen og oppgåvene kann vera som desse:

Oppgåver i maskinlære mai 1944.

1. Skisser opp ein trekkile, gjev ei stutt utgreiding om når den vert brukt.
2. Når vert det nytta stoppringar på ein aksel? Kor vert desse sett?
3. Kva er skilnaden mellom ein 2-takts og ein 4-takts forbrenningsmotor? Kvifor har ein forbrenningsmotor svinghjul?
4. a. Teikn skjematiske oppsettet for kryssa reimdrift.
b. Rekn ut kor stor diameter den drevne reimskiva må ha, når denne skal gjera 500 omd.pr.min., og den drivande skiva har ein diameter på 200 mm og gjer 1420 omdr. pr. min.
c. Kor stor breidd bør reima ha, når det skal overførast 7,5 hk. og den tillelte påkjenning på reima er 13 kg pr. cm reimbreidd? Skivene er av støypejarn.
5. Kva er føresetnaden for at 2 tannhjul kan løpa saman?



Eksteriør av skulen etter ombyggjingen av internatet i 1936.

Oppåver i elektroteknikk mai 1944.

1. a. Teikn opp koblingsskjema for seriekobling og for parallellkobling av 2 elektriske elementer. Kva vert oppnådd når elementene seriekobla? Og kva når dei parallelkobla?
b. Dersom motstanden i dei 2 elementer er henkv. 60 og 70 ohm, kor stor vert då summotstanden om dei vert kobla i serie? Kor stor vil summotstanden verta om vi parallelkoblar dei 2 motstander på 60 og 70 ohm?
2. Ein likestraumsmotor brukar med 110 volt spenning ein straumstyrke på 26,62 amp. Kor mange kilowatt brukar motoren? Kva vert dette i hestekrefter?
3. a. Kva slag trefasa vekselstraumsmotorar vert vanleg nytta til drift av arbeidsmaskineri i ein verkstad?
b. Korleis vert desse motorane sett i gang?
c. Kva slag omdreiningstal på rotoren over ca. 600 pr. min. kan ein få ved den slags motorar, når me har straum med ein periodefrequens på 50 pr. sek.?
4. Ein trefasa vekselstraumsmotor brukar med 220 volt spenning og under full last, ei straumstyrkje på 10 amp.
a. Kor mange kilowatt brukar den når cos. Ø er 0,8?
b. Kva vert dette i hk.?

Oppgåver i praktisk rekning 1944.

1. A, B og C eig ein verkstad saman. A eig $\frac{3}{7}$, B $\frac{2}{5}$ og C resten. Kor stor er C sin part? Nettofortenesta er eit år kr. 10500.-. Kor mykje skal kvar ha? Verkstaden kostar kr. 210000.-. Kor mange prosent har dei i rente for pengane sine?

2. Taket på eit hus er 15 m langt og sett frå enden har det form som skissa viser.

 - Kor mange kvadratmeter er takflata?
 - Kor mange takstein trengst når det går 16 Stein pr. m^2 ?
 - Kor mykje vil taktekkinga kosta når steinen kostar 3 kr. pr. m^2 , og ein øvd mann kann leggja 900 Stein om dagen, når han har ein hjelpesmann til å bera steinen opp? Mannen reknar seg 16 kr. om dagen og hjelpesmannen 12 kr. Ein rundar dagetalet av oppover til heile dagar.



3. Ein aksel er 2 m lang og har ein diameter på 50 mm. Eigenvekt er 7,8. Kor mykje veg akselen? Kva kostar han når stålet kostar 70 øre pr. kg.?

4. Ein jordhaug har form som ei kjegle. Diameter er 10 m og høgda er 2 m. Kor mange kubikmeter inneheld haugen? Jorda skal køyrast burt. Kor mange lass vert det når ein kan ta 3,5 hl i lasset?

5. Skissa visar eit støypejarnstykke til eit lager. Alle vinklar er rette. I stykket er eit hol med $d = 4$ cm. Elles er alle måla på figuren i cm.

Kva veg dette lageret når støypejarnet har ei eigenvekt på 7,2? Rekn ut kva dette lageret vil kosta: Teikninga kostar 6 kr. og modellarbeidet kr. 7,75. For jarnet og støypinga vert betalt 60 øre pr. kg.

Dei flatar som er merka x skal maskinarbeidast. Dette kostar 0,8 øre pr. cm^2 bearbeidd flate. Tilleggsutlogone i maskinverkstaden er 100 % av maskinarbeidet. Dessutan må betalast 2 kr. i leige for maskiner. Kva må ein ta for dette lageret, dersom ein skal tena 25 %?

Oppgåva i bokføring mai 1942.

Brørne Snipekilens Verkstad, Kristiansand, tok til 1. januar 1940 med eigara Anders, Hans og Haldor Snipekilen. Dei har skote inn 1200 kr. kvar. Dei leiger verkstadbygningen og betalar kr. 125.— i leiga pr. månad. Ved starten syner verkstaden desse aktiva og passiva:


Aktiva.

Passiva.

Kassamedel kr. 2400.- Kr.sand privatbank kr. 1200.-

Inventarkt. „ 3400.- Husindustrifondet „ 1000.-

Kapitalkonto „ 3600.-



A diagram showing a large square divided into a 6x6 grid of smaller squares. The top row contains two 'X' marks at the first and fifth columns. The bottom row also contains two 'X' marks at the first and fifth columns. Vertical dashed lines are drawn through the second, fourth, and sixth columns. A vertical double-headed arrow on the right side spans from the bottom to the top of the grid. The number '6' is written near the bottom of this arrow.

Desse forretningstilfelle førekjem:


10. januar faktura over materialar frå Kristiansand Jernvareforretning	kr.	381.50
12. — faktura over smøreolje frå Stavanger Maskinforretning	"	45.35
" — betalt fraktutgifter	"	13.50
13. — faktura over materialar frå Kristiansand Farvehandel	"	276.10
27. — levert til Sørlandske Industrikontor varar for	"	879.12
28. — - - - -	"	426.15
29. — kjøpt forretningsbøker og papir	"	62.25
30. — betalt løningar	"	582.15
31. — betalt husleiga	"	125.—

31. januar levert varer til Sørlandske Industrikontor	kr. 1261.38
" — faktura over materialar frå Kristiansand Jernvareforretning	" 358.20
1. februar betalt Kr. Sand Jernvareforretning	" 381.50
2. — — Stavanger Maskinforretning	" 45.35
16. — — Kristiansand Farvehandel.....	" 276.10
27. — motteke frå Sørlandske Industrikontor	" 879.12
28. — faktura over boremaskin frå Stavanger Maskinforretning	" 1650.—
" — betalt husleiga	" 125.—
" — lønningar.....	" 630.14

Den 1. mars vert teke opp status. Der er då for kr. 350.— i materialar og for kr. 266.50 i ferdige varor. Der vert ikkje gjort avskrivning på inventar. Set opp status pr. 1. januar, før rekneskapen og set opp status pr. 1. mars 1940. Er det fortanesta eller tap?

Materiallære for tredeilda 1. kl. 1942.

1. Kva tid på året bør ein hogga tre som skal skjerast opp til snikkarmaterial og kvifor bør det hoggast på ei viss årstid?
2. Kva er skilnaden på kjerne-tre og geita? Kva er best til snikkarbruk? Kvifor?
3. Fortel om dei mest vanlege framgangsmåtane når ein skjer opp snikkarmaterial. Teikn opp tversnittet av dei ulike oppskjeringar. Vert alle bord i ein stokk like gode til snikkarmaterial?
4. Fortel litt om turking. Kor stort bør turkeromet vera i høve til materialmengda som skal turkast? Korleis bør lufta i eit turkerom vera? Turr eller fuktig?
5. Fortel litt om dei føremunar og feil kryssfineren har. Kva vert kryssfineren helst brukta til?



Eksteriør av verkstadbyggnaden før ombygginga i 1942.

Materiallæra for smedar 1946.

1. Forklår stutt Bessemer-Thomaspæra si verksemd.
2. a. Kva slag spesialmetallar gjev snoggstålet so ypparlege eigenskapar? og
b. Kva slag eigenskapar framfør kolstoffstålet?
c. Korleis skal snoggstålet varmehandsamast.
3. Kva inneheld: Massing, bronce, nysylv og kvitmåll (til lager)?
4. a. Kor stor kolgehalt har ein i sveisjarn, stål og støypejarn?
b. Kva har kolstoffinhaldet å segja på stålet sine eigenskapar, som hardleik, styrke og seigleik og dertil herdbarheit og sveisbarheit i esse?
c. Gjev ei stutt utgreiding om kolstoffet sin samanheng med jarn ved dei ymse temperaturar.

Materiallæra for målarar 1943.

- Korleis skal grunning og måling vera for å få den utandørsmåling som held seg best?
- Korleis lagar ein den beste lasurfarge til eikemåling. Ljos eller myrk?
- Korleis gjer ein forgylling på oljemaling?
- Kva slag fargar er det ein ikkje bør blanda saman?
- Korleis lagar ein mattmåling?
- Korleis lagar ein spartelfarge på den sikraste måten?
- Kor mykje måling går det til eit nytt tak, panelbord, som er 6×5 m? Taket skal grunnast og målast two strøk med vanleg oljemåling og til slutt eitt strøk med lakkmåling.

Dei vidaregåande deildene i tre og metall, har som teoretiske fag vidaregåande projeksjons-teikning og fagteikning som hovudfag, men også matematikk og mekanikk, som vert slutta med eksamen, og oppgåvene kann vera såleis:

Sluttprove i mekanikk 10. mai 1944.

- På ei vektstong verkar 3 krefter slik som fig. 1 viser. Kva veg vil vektstonga svinga, og kor stort er det moment, som gjer at stonga vil svinga? For å få likevekt kan ein setja inn ei kraft på ein av endane. Kor stor må denne krafta vera, og kvar må ho setjast inn?




Fig. 1.

- Ein 7 m lang jarnbjelke, som veg 70 kg pr. m kviler på A og B.

På bjelken virkar dei kreftene som fig. 2 viser. Finn reaksjonskreftene i A og B.




Fig. 2

- Finn tyngdepunktet for den figuren som fig. 3 viser. Alle mål i sm.




Fig. 3.

- I lengderetningen på ei taksporre, fig. 4, verkar eit trykk på 1000 kg. Sperra har ein stigning på 3 : 4. Finn strekket i binnebjelken A og trykket mot underlaget B. Løys oppgåva grafisk (ved konstruksjon).




Fig. 4




Fig. 5

- Ein vareheis er stilla opp som fig. 5 viser. Det skal løftast ei last på 750 kg. Blokka er hengd opp i ein tysk normalprofil jarnbjelke 1 m frå muren.

a. Kva nr. må jarnbjelken ha, når den tilletne påkjenning vert sett til 1000 kg sm^3 . Bruk tabell.

b. Heisespelet vert drive med ein elektromotor. Når lasta skal løftast med ein fart på 30 m i minuttet, kor mange HK må motoren levera, når spelet har ein verkningsgrad på 0,6?

c. Kor mange kw vil motoren brukha når han har ein verkningsgrad på 0,9?

- Eit golv skal bera 400 kg pr. m^2 jamt fordelt. Bjelkelengda er 4,5 m. Kva avstand vert det millom bjelkane, som er 6×8 " (15×20 sm), rekna frå midte til midte. Den tilletne bøyingspåkjenning vert sett til 90 kg/sm^3 .

Sluttprøve i matematikk, 3. mai 1944.

1. $\frac{1}{2} - x = \frac{3}{4} - 2x$.

2. $6(x - \frac{1}{2}) - 3(\frac{1}{3}x - 1) = 4(x - \frac{1}{4})$

3. a. $1\frac{1}{2}x - \frac{2}{3}y = 1\frac{1}{4}$ b. $2x - 1\frac{1}{2}y = \frac{3}{4}$

4. a. $x - \frac{5}{6}(\frac{1}{2}x - \frac{1}{3}) = 18y - 24(\frac{1}{2}y + \frac{1}{3})$ b. $2\frac{1}{2} - \frac{1}{3}(2x + y) = 1$

5. $(2x - 4)^2 = 8x + 44$

6. Niandeparten av eit tal er 165 meir enn tjugandeparten. Finn talet.

7. Ei legering av kopar og zink veg 48 kg. Blandingsforholdet er 5 kg kopar til 3 kg zink. Kor mykje av kvar sort inneheld legeringa?

8. Ein handelsmann kjøpte ein gong 240 hl poteter til ein pris og ein annan gong 400 hl til ein annan pris. Frakta kom for båe sendingane på 5 % av kjøpesumen. Båe sendingane kom då på 3150 kr. Han selde fyrste slumpen og tente $11\frac{1}{9}\%$, og andre slumpen og tente 10 %. Til saman fekk han att 3479 kr.

Kor mykje hadde han betalt pr. hl for dei two sendingane?



Eksteriør av smie og verkstadbygning før ombyggjinga. Biletet er teke i 1936.

Opplæringa i timer i dei einskilde fag har dei seinste åra stelt seg såleis:

For 9 månader skuleår.

Teoretisk undervising:

Maskinlære	65 timer
Praktisk rekning	55 —
Elektroteknikk.....	45 —
Materiallære	42 —
Bokføring og kalkulasjon	42 —
Teikning	135 — = 384 timer.

Arbeidsøvinga:

Verkstadarbeid og øvingar,
kvar deild for seg 1280 timer.

Samla:

Kvar deild for seg 1664 timer.

Framhald om opplæringa for 9 månader skuleår.

Teoretisk undervising:

Arbeidsøvinga:

Samla:

Dei vidaregåande deilder:

Matematikk..... 102 timar.

Mekanikk 92 — Verkstadarbeid 1280 timar.

Fagteikning..... 190 — = 384 timar.

1664 —

Deilda for målararbeid:


Praktisk rekning 55 timar.

Bokføring og kalkulasjon 42 —

Konstruksjonsteikning... 88 — Verkstadsarbeid 1280 timar.

Ornamentteikning 199 — = 384 timar.

1664 —



Snikkarverkstaden for 9 månders kurs etter utvidinga og ominnreidnaden i 1939.

Når ein tek undan sjølve okkupasjonsåra, har skulen kvart år halde framsyning av elevarbeida i året, og framsyningane har vore vitja av eit mykje stort publikum og har alltid vore bra omtala både i pressa og på annan måte.

Gjennom åra har skulen ofte hatt vitjing av interessera personar og lag som har vilja sett seg inn i skuletilhøva her, og andre skular har ofte sendt sine lærarar hit i same ærend, og skulen er svæit takksam for all den interessa som er vist han på denne måten. Ei rekkja større stemnor har vore avvikla på skulen, me kan såleis nemna Haus husflidutstilling i 1935, Hordaland Musikklag si stemna i 1936, Vestlandske krins av I. O. G. T. i 1937, Bergens Meieribolag sin 50. års fest i 1938 m. v.

I sumar hev det vore two store stemnor, såleis Hordaland Mannssanger forbund med 800 songarar og Hordaland Musikklag si stemna med 600 musikkarar.

Skulens internat.

Som før nemnt var det i 1932 frå fyrist av innreidt elevrom, kjøken, matsal m. v. i nedste høgda i det tidlegare skur der Vestlandske Betonbåtbyggjeri hadde støypt 200 tonns betonlektarar.




Verkstaden for den vidaregåande metalldeild, nyinnreid 1939.

Truleg for skuld skort på løyvingar vart det den gongen ikkje så bra ombygd som det verkeleg trengdes til, og i 1936 laut ein gå til totalvøling og omninnreidnad av resten av bygnaden. I 1937-38 vart også kjellaren bygt ut, og seinare vart det innreidt både eige kjølerom og eige dypfryserom for matvarer. Ein fekk også tak i ei stor vaskemaskin for å få oppvasken så sanitær som mogeleg. Internatet har nå 73 senger og dei fleste elevane bur på internatet, der dei får full kost

i sams hushald. Det er tilsett husmor som med 7 hjelparar tek seg av elevane med matlaging, reinhald, vask og reparasjonar av tøyet deira.

I sumar har internatet gjennomgått ei heil omvøling sidan det ikkje var råd å få gjort noko slikt i okkupasjonsåra grunna skort på materialar, og ein har nå nya omatt heile innreidnaden i



Smiedeildas file- og samansctningsverkstad etter utvidinga i 1939.

elevroma i fyrste høgd. Alle roma er måla i ljose, venlege fargar og elles ettersett på alle vis. Oppussinga vil halda fram for andre høgda sitt vedkomande utover ettersumaren til alt er så bra det kan verta.

Skulen sin administrasjon og lærarpersonalet.

Som før nemnt høyrde skulen frå 1921 til 1933 inn under kyrkjedepartementet sitt administrasjonsområde, og styret for skulen hadde denne samansetjing:

Banksjef Joh. Rongved, formann.

Småbrukar Carl Borgen, medlem.

Fabrikkeigar Karl Jebsen, medlem.

Styrar for skulen frå 1921 til 1933 var kjøpmann Ivar Åsgård. Han døydde, som før nemnt, i 1933.

Av andre funksjonerar var desse tilsette:
Lærar i teoretiske fag: Ing. Øyvind Solberg. Han døydde i 1926.
Lærar i trearbeid: Olai Vatle.
Lærar i metallarbeid: Johan Fenne, død 1934.



Deilda for vidaregåande trearbeid, etter utvidinga og ominnreidnaden i 1939.

Husmor og husfar i internatet: Anna Leknessund og mannen hennar Severin Leknessund.

Vaktmeistar: Hans Rosberg.

Timelærar i måling: Målar Andersen.

I 1926 vart det endring i styret si samansetjing, meddi fabrikkeigar Karl Jebsen og småbrukar Carl Borgen gjekk ut, og i deira stad vart oppnemnt skuledirektør Olav Vevle og småbruarkonsulent Ingebrigt Five.

Som timelærar i måling, i staden for Andersen, som slutta alt i 1923, vart tilsett Johan Austefjord. Ing. Solberg slutta ved skulen 11. oktober 1924, og i hans stad vart tilsett ingenør A. Torp.


Etter at skulen kom inn under landbruksdepartementet sitt administrasjonsområde i 1933, vart ingenør Torp tilsett som styrar for skulen og er i denne stillinga framleides.

Som nytt styre for skulen vart den 28. september 1935 desse oppnemnt:

Skuledirektør Knut Markhus, formann.

Skuleinspektør Jakob Kolrud, medlem.

Arkitekt Johan Lindstrøm, medlem.



Interiør frå ein av snikkarverkstadene på skulen.

Dette styret er framleides i funksjon og har gjennom åra gjort det det har kunna for å fremja utviklinga til skulen i samarbeid med styraren og dei andre av personalet.

Elles er desse tenestemenn ved skulen nå:

1. Styrar ingeniør Torp, tilsett ved skulen som lærar frå 1. januar 1925, som styrar frå 1. september 1933.
2. Lærar Ole J. Olsen ved den vidaregåande metalldeild, tilsett i posten 15. november 1935.
3. Lærar Hans H. Vindenes, ved målardeilda, tilsett i posten 1. juli 1936.
4. Lærar Jon O. Dale, teorilærar, og elles assistent for styraren, tilsett 1. august 1937.
5. Lærar Fred. J. Trøan, ved smeddeilda, tilsett 8. august 1938.
6. Lærar Osvald Sverresvold, ved tredeilda, tilsett etter lærar Hans Rosberg, som sluttta etter oppnådd alder, 70 år, i 1938. Sidan lærar Vatle sluttta etter oppnådd alder, 65 år, i 1942, gjekk Sverresvold over til lærar ved den vidaregåande deilda.

I Sverresvold sin post ved tredeilda, 1. klasse, kom så Jon O. Dale som konstituert 1 år, men i 1943 tilsette heimeyrkesjefen, Eirik Eikran, lærar Ivar Lund. Denne tilsetjinga vart ikkje godkjend av landbruksdepartementet i 1945, men han vart likevel konstituert til 1. juli 1946. Posten er framleis ikkje ordna.



Skulen's new painting workshop, after the expansion and renovation in 1937.

Tidlegare husmor ved internatet, fru Anna Leknessund, slutta i stillinga si av helseomsyn i 1938, og etter henne vart tilsett frk. Bru, som slutta alt i desember same året. Frå 1. januar 1939 vart så tilsett frk. Åsta Berge, og ho har sidan hatt stillinga som husmor.

Timelærarane har gjennom åra skifta noko, og i teoretiske fag har desse vore lærarar: Teikning: Hermand Anthun 1938—41. Teknikkar Olav Dale var konstituert som teorilærar 1942—43, medan Jon O. Dale var konstituert i ein av snikkarlærarpostane. Teknikkar Ivar Mjelde var timelærar i elekroteknikk 1941—43, då han laut gå i dekning.

Siste skuleår har desse vore timelærarar:

Teknikkar Kåre Helland, elekroteknikk, mekanikk.

Forretningsførar Thor Øhmann, bokføring.

Tapetsermeistar Leonard Nilsen, møbelstopping.

Av pensjonerte lærarar sidan skulen tok til er det berre 2, nemleg Hans Rosberg i 1938, og O. Vatle i 1942. Dei lever nå stille og roleg etter ein strevsam og vel frå seg gjord arbeidsdag, og nyt sitt vel fortente otium i eigne heimar, både i Ytre-Arna.

Funksjonerar og lærarar som døydde, anten på post eller etter at dei slutta her, er:


Ingeniør Øyvind Solberg, døydde i 1926, etter å ha slutta ved skulen i 1924.

Styrar Ivar Åsgård, døydde i april 1933.

Timelærar Johan Austefjord døydde i april 1934.

Lærar Johan Fenne, døydde i september 1935.

Skulen



Eksteriør av skulens verkstadbygnad, etter ombyggjinga i 1939 og 1942.

er stor takk
skuldig til alle
dei som gjennom åra har
vore knytta til
han og med
sin personlege verksemnd
har støtta opp
under skulens
utvikling og
framgang til
det han er
vorten i dag.
Både styret,
styrar, lærarar
og funksjone-
rar har saman
løfta i flokk, og det har gått støtt framover. Det kunne kanskje ha gått fortare å nå dit ein er
i dag, og det hadde det truleg gjort om ikkje krigen hadde kome i vegen, og tilhøva på andre
måtar hadde vore laglegare. 25 år kan synast som ei lang tid, men i ein skule si soga er det
likevel ikkje så lenge.

Skulen i okkupasjonstida — etter framstelling av styraren.


Som vel for dei aller fleste her i landet kom og den 9. april 1940 noko uventa på skulen. Same dagen vart alle elevar i militærpliktig alder sende til Voss for å taka del i kampane. Det var over tridjeparten av elevane. Fleire ville fylgt etter den 10., men då var det alt for seint. Dei vanlege vegane vart stengde alt om natta til den 10. april. Dei som var att heldt så fram på skulen som vanleg. Eit lite grand forskyvning i timeplanen vart det då, særleg avdi eit par av lærarane i slik bråhast måtte heim og sjå til huslydane, som rimeleg var, at dei gløymde å seia frå om det. Men alt gjekk elles snart i det vante gjenge, og lærarane kom att etter ei

vekes tid. Det gjorde dei elevane som hadde reist ut og, så etter 3—4 vekor var dei samla att dei aller fleste. Skuleåret vart lengd til ut juni månad for dei som hadde vore ute, slik at alle fekk fullføra skuleåret. Nokre elevar sat i fangeleir, men på skriv herfrå slapp dei ut att. Slik vart alle samla til slutt, og ingen hadde kome burt eller fenge noko skade.



*Kranselag på verkstadbygda den 3. august 1942
og høgtiding av kongen sin fødedag.*

innkjøp av slikt, og ein heldt fram med å kjøpa med materialar til verkstaden og mat til internatet, men det lukkast å skaffa av både slag så mykje at me kunne halda fram med skulen trass i alle vanskar. Ombyggjinga av verkstadbygnaden som tok til i 1939, vart stogga ei tid.



Eit elevrom teikna av ein elev.


det turvande byggjematerialet til dette arbeidet, kan ein i fyrste rekka nemna at me var så heldige å få overtalt eit par skogeigarar til å selja oss skog på rot, og lærar Sverresvold, saman med 8—10 „festtangarar“ gjorde glupe innhogg i skogen, som mykje av stod vanskeleg til. Såleis skaffa me fram det timberet som me trong. Det var ein god prestasjon å driva fram dei omlag 40 tyltene grovt furutimber på sumarføre og i vanskeleg terreng.

Det kom nå nokre oppjaga månader før ein retteleg kom i vane med å bu i eit okkupera land. Frametter heile sumaren 1940 var me plaga av tyskarane, som endeleg ville ha hus. Det gjekk stundom noko hardt for seg, men på ein forundarleg måte lukkast det å avverja alle slike pågangar, og ein kunne ta til med nytt skuleår den 19. august 1940, med fulltallige klassar. Det var ikkje lyst ut nytt skuleår, men søkerane fann vegen hit likevel. Med materialar o. a. var det ikkje det året nokon serleg vanske. Om sumaren 1940 hadde ein nytta alle „ledige midlar“ til å gjera slik til ut i 1941. Seinare vart det verre både rekvirert, når bygningane kom til å syna så storveges med plass. Men i 1942 om våren tok ein likevel fat på restombyggjinga, etter at ein hadde fått den toknad at okkupasjonsmakta hadde kome meir til ro der ho ville vera. Det var vanskeleg om byggjematerialar, men ikkje verre enn at det gjekk, og hausten same året i september var bygnaden fullt ferdig utvendig, medan arbeidet innvendig gjekk på til fram imot våren 1943. Når det lukkast å skaffa fram

Av firmaer som har levera skulen mykje materialar i ei sers vanskeleg tid under heile okkupasjonstida, lyt me sers takka trelastfirmaet Adolf Jansen i Bergen. Den store „good will“ dette firmaet har synt skulen når me var opprådd for noko, har me all grunn til å takka for. Utan så stor støtte derifrå hadde det mange gonger sett myrkt ut på skulen med material-

situasjonen.

Andre Bergensfirmaer har også støtta godt under med leveranse etter evne så lenge det gjekk, som t. d. Internasjonal Farvefabrikk, A.S Monopol, Wallendahl & Søn A.s, J. Berstad,



Ymse elevarbeid frå 1945—46.

Olav Berg, Eches Farvehandel, Karl S. Johannessen og ei rekka andre. Me er dei alle takk skuldig for hjelp i ei vanskeleg tid.

Ombyggjinga av verkstadbyggnaden i 1942 vart vellukka. Det gjekk fort frå hand, og alt 3. august kunne me halda kranselag. At dette nett fall saman med kong Håkons fødedag, var ein hendeleg ting, og flagga vart det gjort utan noko avbrot heile dagen!


Det var i denne tid alltid med spaning ein såg dei nye elevkull imøte som kom til skulen, om det skulle vera kome elementer med rang innstilling millom dei. Mot slikt hadde ein ikkje noko sikker garanti på førehand. Men ein var alltid heppen i så måte. Hausten 1943 fekk skulen vitjing av det tyske sikkerheitspoliti, som fyrist arresterte Ove Torgersen frå Evje, og 8 dagar seinare kom dei att og tok Harry Eilertsen frå Tysvær. Årsaka var det ikkje mogeleg å få greid uttale om, berre svevande fråsegner om at dei hadde vore medlemer av ein „kommunistisk organisasjon“ — og elles at dei hadde ikkje høve til å sia noko meir. Eilertsen kom ut att etter å ha sete på Falstad i 8 månader, og tok til på skulen her att hausten 1944. Torgersen vart sendt til Tyskland og kom heimatt sumaren 1945. Han fullførde skulen her vinteren 1945—46. Det var elles mange mindre hendingar med tyskarane, som t. d. då dei ville ha bilpark på skulen, eller då dei ville ha bensinlager her, og ein gong ridebane på sportspllassen o. s. b. Noko var det stødt, men alt dette let seg lett visa attende. Likevel skal ein nemna at i mai 1944 såg det ei tid for ålvor ut til at me laut stogga heilt. I 1942 hadde me bygt om

verkstadbygnaden vår, då me tenkte okkupasjonsmakta var kome så pass til ro i sitt nye sete, at større flyttingar frå deira side ikkje lenger kom på tale. Men ein hadde ikkje då rekna med bombinga i Bergen, og heller ikkje sprengjingsulukka 20. april 1944. Båe desse hendingane gjorde sitt til at tyskarane freista spreida lagra sine utover distriktet, helst på stader der dei og kunnne leggja til med båt. Slik hjå oss, og i mai det året såg det for álvor ut til at dei ville inn her, og mange var dei vitjingar me fekk til alle tider i døgret for at dei skulle få sjå på tilhøva. Dei hadde planane i orden: Alle maskinene skulle flyttast ut for å gjeva plass for marineeffekter og matlager. Det vart likevel ikkje noko av, då det i siste liten truleg vart tekne andre rådgjerder. I alle høve var dei ikkje å sjå her etter den dagen.


Elevtalet måtte ein for skuld skort på ymse slag materialar og all anna rasjonering innskrenka noko frå år til år, med eit par mann på kvar deild til slutt, men ein hadde ikkje under 58 elevar noko år. Søknaden til skulen var svært stor, og i medel var det jamt over 5 gonger så mange som søkte som me kunne ta imot. På ei serskilt deild var det opp til 10 gonger så mange.

I dei 25 åra skulen nå har vore i gang, har han vore søkt av til saman 1356 elevar som har fått si opplæring her. Av desse 122 på målardeilda, 615 på tredeilda og 619 på metalldeildene. Elevane har vore frå alle fylke i landet, men mest frå fylkene på Vestlandet, Sørlandet, Trøndelag, Møre og Nordland. Austlandsfylka har vore mindre representert, truleg av den grunn at det der er fleire skular av nokolunde same slag.

Fra 1934 til 1937 vart det halde fleire stutte kurs for lærarar i arbeidsskulane og ungdomsskulane, perfeksjoneringskurs for lærarar. Desse kursa har vore godt søkte, men har fleire



Elevarbeid frå metalldeildene.




Elevarbeid frå metalldeilda. Biletet er teikna av ein elev.

gonger for skuld ombyggjing av skulebygnadene måtte sløyfast. I år var det teke oppatt, meddi Norsk Husflid- og Handverkslag heldt eit slikt kurs på den altfor stutte tid av 10 dagar, medan ein tidlegare alltid har halde på minst 4 veker.

Dei store salar skulen rår over, er også godt skikka til stemnor, og har difor vore nytta til det. Endå ein på mange måtar har nått langt når det gjeld husrom og anna, er skulen like-

vel ikkje
på langt
nær ferdig
slik han
nå er. Det
er ennå
mykje att
som van-
tar. Men
t.d. grunn-
spursmålet
har lenge
stade hind-
drande i
vegen for
at skulen
kunne ver-
ta ferdig
slik han
skulle ve-
ra. Skulen




Elevarbeid, dreiebenk for tre, skulens sermodell.

treng nye lærarbustader, nye køyrevegar og større sportsplass, lagerbygnad for materialar og gymnastikksal. Det har lenge vore arbeidt med desse spursmål, og styreformannen har serleg prøvt å ta seg av dette i dei siste 10 åra, men ennå er ikkje vegspursmålet løyst. Ein har likevel von om at det i nærmeste framtid vil verta ei løysing på spursmålet, eventuelt ved ekspropriasjon av turvande grunn.


I 1941 vart det ved ekspropriasjon kjøpt vassrettar i Stemmevatnet, og det vart lagt ny rikeleg dimensjonert leidning til skulen, og turvande brannhydrantar vart knytt til denne vassleidninga. Trygdepremien mot brann vart redusert til čet halve av den grunn, og det letta munarleg på vedlikehaldsbudsjettet. Elles er byggnadene altfor lågt assurert, for omlag kr. 400 000.00 — med di staten ville vera så stor sjølvassurandør. Utbyggjinga av vassleidninga var alt i 1941 lagt såleis til rette at ein kan kopla til eit mindre kraftverk til demonstrasjonsbruk. Eit slikt vil ein om ikkje så lenge få tak i, og stasjonen vert på 15 Hk.

Ein vil med dette skriftet senda takk og helsing til alle som har vore elevar ved skulen, og har kunna gjort seg nytte av den opplæringa dei fekk der. Dei mange fråsegner frå gamle


elevar som er komne til oss, og som me gjev noke att av her, viser at dei har hatt nytte av skulen. Ein vil og retta ei takk til alle dei som har synt samhug for skulen og dermed for opplæringa av ungdomen. Ikkje minst vil vi retta denne takk til departement, regjering og storting, som ved løyvingar har gjort det mogeleg for skulen å utvikla seg. Ein vonar landet etter kvart vil få att med rentor det denne skulen kostar.



Modellrekka for tredeilda.



Modellrekka og øvingar for smeddeilda 1945—46.



Elevarbeid i 1939.

Av dei mange helsingar og fråseigner som er komne frå gamle elevar, kan ein berre ta med nokre få, for plassen si skuld.

1. Det er meg ei glede på skulens 25-års jubileum å få gjeva ei uttaling om den nytte eg har hatt av skulegonga mi ved Statens Husindustriskule i Haus.

Eg gjekk ved skulen i 2 år, og var ferdig der året 1939. Fekk då straks arbeid ved ein metallvarefabrikk, der eg seinare har vore.

Eg har i denne tid hatt stor nytte av den lærdom som eg fekk ved skulen, utan den viile eg i mange høve ikkje kunne stetta dei krav det hev vore sett til meg.

Det er mitt ynskje at mange vil få høve til å samla seg kunnskapar der ved skulen, då dei der får eit godt grunnlag til å byggja vidare på.

Eg ynskjer skulen all lukka med 25-års jubileet.

Hornindal den 22. juli 1946.

Med vyrsam helsing

Oddmund Tomasdård.

2. Dei to skuleåra eg har gått ved skulen i tredeilda 1943—44 og 1944—45 ville eg ikkje vore forutan, og er storleg nøgd med den lærdom eg fekk i snikkarfaget både praktisk og teoretisk. Eg er nå sjølvhjelten som snikkar. Fekk straks etter ein god plass på møbelfabrikk som maskinsnikkar, og har der fått den beste timeløn, som det utan skulen ville vera uråd å nått så med ein gong.

Vil difor gjeva Statens Husindustriskule i Haus mine beste lovord, og vil retta ei takk til styrar og lærarar ved skulen for den tid eg var der.

Torgrim Eide, Leirvik i Sogn.

3. Skuleåret 1939—40 var eg elev ved målardeildi på skulen. Seinare var eg som hospitant frå oktober 1941 til april 1942. Etter den praksis eg seinare har hatt i faget: $\frac{1}{2}$ år som sjølvstendig møbelmålar ved Lonevåg Møbelfabrikk, og nå sist hjå Sverstad og Jakobsen, målarmeistarar, omlag 1 år, hår eg ofte tenkt på den store nytte skulen har vore for meg. Med dei lærarkrefter og tekniske hjelpemdirar skulen nå råder over, kan ein lærviljig elev få eit svært godt grunnlag for vidare utdanning i sitt fag. Den ros målarmeistarane Sverstad og Jakobsen har gjeve om mitt arbeid, kan eg tilskriva først og framst skulen og den greide og dugande faglæraren Dykkar, herr målarmeistar Hans H. Vindenes.

Hermed mi beste takk og helsing.

Bjarne Skorpa, Bekkelagshøgda.



Interiør frå tapetserkursset 1943.

4. I høve av at Statens Husindustriskule i Haus har 25 års høgtid i år, vil eg senda skulen ei helsing.

Då eg kom til skulen som elev, var eg utan nokon som helst kjennskap til dei handverk eg skulle få undervising i. Eg gjennomgjekk tredeilda, 1. og 2. klassa, og sidan gjennomgjekk eg målardeilda.

Eg har, etter at eg slutta ved skulen, hatt arbeid på møbelverkstad i 4 år. For tida er eg tilsett som sløydlærar ved folkeskulen i Bjørneskinn kommune.


Eg vil få uttala mi store tilfretsheit med skulen og undervisninga. Både skulens utstyr og undervisning står fullt på høgd med tidas krav. Ein får der læra grunnlaga for faget, og sidan gå gjennom meir krevjande oppgåvor, slik at når kursa er slutt ved skulen, har ein fått kjennskap til alt ein treng for praksis i faget.

Eg vil få anbefala skulen på det aller beste.

Åknes i Vesterålen den 14. august 1946.

Med beste helsing

Karl Kristoffersen.



Elevarbeid på målardeilda.

5. I høve av skulen sitt 25 års jubileum, kan eg på oppmoding gjeva skulen dei beste lovord, då eg hadde den hugnad å vera elev der dei to siste krigsåra. Alt var tilrettelagt på beste

måten frå styrar og lærarar for at elevane skulle få den beste nytte av skuletida. Serleg vil eg få framheva den omsut styrar og husmor synte ved å skaffa til rettes god mat og godt stell for oss elevar i desse vanskelege åra.

Det er med takksemid og vyrdnad eg minnest mi skuletid på Festtangen.

Torvald Skjervheim.

6. Er takknemmelig for at jeg fikk tilbringe to av krigsårene ved Statens Husindustriskule i Haus. Den teoretiske og praktiske kunnskap jeg fikk i disse årene, regner jeg som en betydelig aktivapost i mitt livs begynnelsesstatus, og den har hjulpet meg fram til en betryggende livsstilling.

Skolegangen tvang meg til en skarpere selvkritikk, som muliggjorde at også selvtiliten vokste, og når begge disse er jevnbrydige tilstede, skulle utviklingsmulighetene være et selvskrevert begrep.

Med disse få ord vil jeg få takke skolen for det gode arbeid den gjør, og som jeg som elev er fullt tilfrets med.

Hilsen

Sverre Lindøy,

Vaktmester og timelærer
ved Bakketun ungdomsskole..



Interiør frå målarverkstaden.

7. Hugen min har alltid lege til snikkarykret. Difor har eg søkt opplæring i dette faget. Hausten 1938 fekk eg plass ved Statens Husindustriskule i Haus, der eg gjekk tredeilda og målardeilda. Eg sluttar i 1942, då eg vart tilsett som arbeidsskulelærar på heimstaden min.

Eg har såleis vore elev av skulen i 4 år, og er godt kjent med arbeidstilhøva og den greie undervisninga. Skulen har og gjeve meg svært mykje som eg er takksam for, og når den nå rundar 25-årsleitet, ber eg fram mine beste ynskje.

Guddal juli 1946.

Birger Skogly.



Elevarbeid frå målardeilda.

8. Som Deres gamle elev er det meg i dag en glede å kunne gi Dem følgende uttalelse:
Etter 2 år på snekkerlinjen og 1 år på malerlinjen kan jeg i dag gi skolen de beste anbefalingar.
Jeg har drevet privat snekerverksted i snart 4 år, og takket være Deres grundige og solide undervisning har jeg aldri savnet kunder eller arbeid ved mitt verksted.

I de siste år har jeg arbeidet som snikkerformann ved Luftkommando Nord på Bardufoss, hvor jeg har hatt den største glede av skolens grunnlag.

Jeg vil benytte anledningen å takke skolen og dens lærere for den nytte jeg personlig har høstet i de 3 år jeg var ved Deres skole, og gratulerer skolen med dens 25 års jubileum og ønsker fortsatt fremgang.

Bardufoss 1946.

Med hilsen

Gunnar Berglund.

9. Som tidlegare elev kan eg seia at Statens Husindustriskule i Haus gav meg eit godt grunnlag for mitt seinare yrkje, så eg vil tilråda dei som har interesse for handverk og industri å gå ein slik skule.

Vyrdsamt

*Reidar Bratheim,
Øvre Storgata 76, Drammen*

10. Underskrevne Anton Larsen vil i anledning skolens 25 års jubileum sende skolen en hilsning.


Det er nå 6 år siden jeg sluttet som elev. I denne tid har jeg som arbeider ved forskjellige verksteder hatt god anledning til å dømme om hvor tidsmessig undervisningen ved skolen er.

Ved hjelp av den kunnskap jeg har erhvervet meg hos Dere, har jeg forholdsvis snart arbeidet meg fram til det man kaller fagutlært arbeider. Det har ikke skjedd på annen måte enn hele tiden å arbeide etter samme prinsipper som dem skolen har oppdraget meg til. Idet jeg ønsker tillykke med dagen vil jeg få lov til å takke sjef og lærere ved skolen, samt bestyrerinne og funksjonærer ved internatet, for den tiden jeg har vært hos Dem.


Hilsen

Anton Larsen.

11. Underskrivne har gjennomgått eit 2 års kurs ved skulen (metalldeilda) og har der fenge den beste opplæring som gjer at eg nå kan arbeida heilt på eigi hand.



Interiør frå deilda for vidaregående arbeid.



Elevarbeid.

Skulen er godt utstyrt med verkty og maskinor, og har dei beste lærarkrefter, både i teori og praktisk arbeid.

Eg vil tilrå all ungdom, som har interesse i dei fag skulen gjev opplæring i, å søkja denne.

Vyrdsamt

Johan Gaupås.

12. Då eg kom til Festtangen var eg heilt framand for det yrket som eg hadde tenkt skulle verta mitt framtidsyrke, nemleg smed- og mekanikkfaget. Eg var då også spent på kva resultatet skulle verta. Men for skuld dyktige lærarar, både praktiske og teoretiske, som rettleide oss på ein framifrå måte, og oppmoda oss når det gjekk tregt, så vart resultatet for mitt vedkomande langt over det eg hadde våga å venta.

Ungervisinga var slik tilrettelagt, at ein ikkje gjekk ut frå skulen i livet som spesialistar i eit einskilt stykkje arbeid innan faget, men som ein mest mogeleg allsidig sjølvhjelpon mann, både som smed og mekanikkar, med andre ord: „Ein alt mulig mann“. Eg kjem her i hug kva ein av faglærarane ved eit enkelt høve sa: „Ein mekanikar må aldri stå fast“. Då eg så etter elevtida ved Festtangen kom ut i det praktiske liv som arbeidar ved ein smed- og mekanisk verkstad, så har det vist seg at tida mi ved Festtangen har vore meg til den aller største hjelp. Å framheva ein enkelt ting som eg lærde, eller også det eine året føre det andre, let seg ikkje gjera for meg, då eg har kunna gjort meg like stor nytte både som smed og mekanikar av alt det eg lærde.


Elles er tida mi frå Festtangen ei tid som eg minnest med stor glede, trass i at den fall mitt i myrkaste krigstida.

Vyrdsamt

Johannes Vevle, elev 1943—45.

13. Jeg har nytt ett års undervisning på maleravdelingen ved Statens Husindustriskule i Haus, og når jeg i dag er så lykkelig å kunne stille meg til disposisjon som fagmann for landets gjenoppbygging, så har jeg utelukkende denne skole å takke for det. — Jeg reiser nå til Kirkenes for å bruke mine kunnskaper der dét mest trenges.

Ingvar Berg.



*Søyleboremaskin, laga på skulens
vidaregåande metalldeild.*

